



Odda songlag framførte eit variert program i Uskedal kyrkje i kveld.

**Odda songlag, eit tradisjonsrikt kor med 30 songarar, kom til Uskedalen i kveld og gledde mange med god korsong i den vakte sommarkvelden. Koret talde i si tid 60 medlemmer, men som leiaren i songlaget sa det: Det er ikkje talet som er avgjerande, men klangen og songgleda. Kyrkjekoret Nordsang med sin song lever også opp til denne tanken.**

Kantor Eva Megyesi opna minikonserten på orgel med Elefantmarsj. Med denne opninga fekk vi høyra at eit orgel kan brukast til mykje meir enn salmar, koralar og tradisjonelt orgelspel.

Odda Songlag opna med Petter Dass: Herre Gud ditt dyre navn og ære, leia av tidlegare dirigent Grytli. Med Eva Megyesi som musikalsk leiar vart det gospel, Vals i tango, Santo og svenske sommarlåtar.



Kyrkjekoret Nordsang er ikkje på sitt største for tida, men det er god song og klang i gruppa.

Kyrkjekoret syng godt jamvel om koret er redusert i antal medlemmer for tida. Mannsgruppa Bakmennene med sin Åndeleg sjømannssong av Jakob Sande slår alltid godt til. Eit kyrkjekor må dessutan kunna framføra tradisjonelle salmar som til dømes Trygve Bjerkheim: Takk at du tok mine byrder. Nordsang er i innspurten på sine øvingar før avreise til Ungarn 28. juni.

Eit kortteff på ein vakker sommarkveld er helst å rekna som indremedisin ved at kora har glede og nytte av å syngja for kvarandre. Knappe 15 andre tilhøyrarar er såleis å rekna som eit godt frammøte.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Thor Inge Døssland/Kristian Bringedal



Mannsgruppa Bakmennene med sin Åndelege sjømannssong.